



Erling Haugen
Ivegen 130
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3164 - 15/21925

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
08.12.2015

Godkjenning av søknad om fritak for gjødselplan 2015: GBNR: 49/3 IO

Administrativt vedtak. Saknr: 432/2015

Saksutgreiing:

Erling Haugen har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Han har tidlegare drive med storfe og med norsk kvit sau, men har dei siste åra lagt om til ei meir ekstensiv drift med villsau på utegang. Drifta er 13 vinterføra sauer, som utgjer 1,9 gjødseldyreiningar (GDE) med fråtrekk for beitetid som er 1,5 utgjer dette totalt 0,4 GDE. Det er 14 daa fulldyrka, 16 daa innmarksbeite på bruket. Han oppgjev at han kjøper inn 600 kg med fullgjødsel som vert spreidd på alt innmarksarealet.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på jordbruksarealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Totalt areal	Kg pr. daa				
600	18-3-15	30	slåttemark/beite	20	3,5	0,5	2,9
Sum					3,5	0,5	2,9

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Det vert i dag ikkje brukt husdyrgjødsel på bruket. Den fullgjødsel som vert tilført ligg langt under 50 % av norm. Drifta er liten, det er få gjødseldyreiningar og arealet er stort nok i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 31.12.2020 for gnr. 49, bnr. 3, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Erling Haugen

levegen 130

5917

ROSSLAND